

## Meistringsbeskrivelser for nasjonale prøver i engelsk

---

ARTIKKEL | SIST ENDRET: 04.05.2017

---

### Meistringsnivå nasjonal prøve i engelsk, 5. trinn

#### Meistringsnivå 1

Skalapoeng: til og med 42

Elevane

- kan forstå nokre konkrete, vanlege ord og uttrykk, til dømes uttrykk for tid
- kan finne kjente og konkrete ord i ein tekst
- kan følgje korte, klare og enkle instruksjonar
- kan kople ein del vanlege og konkrete ord med bilde
- kan kople kjente og konkrete ord innanfor same tema, til dømes *fish ogaquarium*
- kan kjenne igjen nokre innlærte grammatiske uttrykk i ein kontekst

#### Meistringsnivå 2

Skalapoeng: 43 til 57

#### Elevane

- kan forstå nokre vanlege ord og uttrykk
- kan forstå nokre enkle setningar
- kan kople enkle setningar med bilde
- kan kople vanlege ord i ein tekst når dei er innanfor same tema
- kan kople enkeltord i ein tekst med t.d. ei enkel beskriving (*hat med something for my head*)
- kan finne spesifikke detaljar i ein lengre tekst
- kan forstå hovudinnhaldet i ein enkel tekst
- kan finne enkle opplysningar sjølv når det finst noko konkurrerende informasjon i teksten
- kan gå fram og tilbake i ein enkel tekst for å finne informasjon
- kan kjenne igjen nokre enkle funksjonsord (t.d. *but, her, with*) og grammatiske strukturar i ein kontekst



### Meistringsnivå 3

Skalapoeng: 57 og høgere

#### Elevane

- kan forstå ein del mindre vanlege ord og uttrykk
- kan få meining ut av ein del komplekse setningar
- kan få meining ut av korte og lengre enkle tekstar
- kan forstå hovudinnhaldet i ein tekst
- kan finne opplysningar sjølv når det er konkurrerende informasjon i teksten
- kan nærlese ein tekst
- kan kople enkel informasjon frå ulike delar av ein tekst

- kan bruke konteksten for å forstå vanskelege punkt i teksten
- kan kjenne igjen grunnleggjande grammatiske strukturar og funksjonsord i ein kontekst

## Meistringsnivå nasjonal prøve i engelsk, 8. trinn



### Meistringsnivå 1

Skalapoeng: til og med 36

Elevane

- kan forstå nokre konkrete, vanlege ord og uttrykk
- kan finne kjente og konkrete ord i ein tekst
- kan følgje korte, klare og enkle instruksjonar
- kan kople vanlege og konkrete ord med bilde
- kan kople kjente og konkrete ord innanfor same tema, t.d. *fish* oga *aquarium*
- kan kjenne igjen nokre innlærte grammatiske uttrykk og enkle funksjonsord i ein kontekst, til dømes personlege pronomen



### Meistringsnivå 2

Skalapoeng: 37 til 43

Elevane

- kan forstå ein del vanlege ord og uttrykk
- kan forstå enkle setningar
- kan kople enkle setningar med bilde

- kan kople vanlege ord i ein tekst når dei er innanfor same tema
- kan finne spesifikke detaljar i ein lengre tekst
- kan finne enkle synonym i ein kort tekst
- kan forstå hovudinnhaldet i ein enkel tekst
- kan finne enkle opplysningar sjølv når det er noko konkurrerende informasjon i teksten
- kan gå fram og tilbake i teksten for å finne informasjon
- kan trekkje enkle slutningar når det er mykje støtte i teksten
- kan kjenne igjen og bruke nokre enkle funksjonsord og grammatiske strukturar i ein kontekst



### Meistringsnivå 3

Skalapoeng: 44 til 55

Elevane

- kan forstå tildels abstrakte og mindre vanlege ord og uttrykk
- kan få meining ut av ein del komplekse setningar
- kan få meining ut av korte og lengre enkle tekstar
- kan forstå hovudinnhaldet i ein tekst
- kan finne opplysningar sjølv når det er konkurrerende informasjon i teksten
- kan nærlese ein tekst
- kan forstå korleis avsnitta i ein lengre tekst heng saman
- kan kople enkel informasjon frå ulike delar av ein tekst
- kan bruke konteksten for å forstå vanskelege punkt i teksten
- kan trekkje enkle slutningar
- kan kjenne igjen og bruke grunnleggjande grammatiske strukturar/funksjonsord i ein kontekst



### Meistringsnivå 4

Skalapoeng: 56 til 62

Elevane

- har eit ganske breitt vokabular
- kan forstå kva ukjente ord tyder ut frå samanhengen
- kan forstå ganske komplekse setningar
- kan forstå ganske lange og til dels komplekse tekstar
- kan kople informasjon frå ulike delar av teksten
- kan trekkje slutningar
- kan velje mellom nokre vanlege grammatiske strukturar/funksjonsord for å uttrykkje seg



## Meistringsnivå 5

Skalapoeng: 63 og høyere

Elevane

- kan bruke lesestrategiar som passar til formålet
- har eit ganske breitt og nyansert vokabular
- kan forstå komplekse setningar
- kan forstå lange og komplekse tekstar
- kan lese mellom linjene
- kan velje mellom ei rekkje grammatiske strukturar/funksjonsord for å uttrykkje seg

